



Kvalitetsmelding for 2024 Barnehage, skule og SFO

Forord

Tidlegare har det vore fastsett i opplæringslova §13-3e at skuleeigar er plikta til å utarbeide ein årleg rapport som seier noko om tilstanden i opplæringa gitt i kommunen. Frå 1. august 2024 er det ikkje lenger eit krav at skuleeigar må utarbeida ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. Likevel, det står i § 17-12 fjerde ledd ***Kommunestyret og fylkestinget skal minst ein gong i året få informasjon om læringsmiljøet, læringsresultata og gjennomføringa til elevane i opplæringa.***

For barnehage- og skuleåret 2024 vel ein å halda på malen om ei kvalitetsmelding som er utvida til å gjelda barnehagar og SFO også. Ein vil ta ei ny vurdering når kommunestyret skal få informasjon om læringsmiljøet, læringsresultat og gjennomføringa til elevane i opplæringa for 2025.

Systematisk dokumentasjon og analyse av innsatsfaktorar og resultat, kan bidra til god dialog og læringsssløyfer mellom barnehagar, skular og det politiske nivået.

Erfaringsutveksling skal gje grunnlag for vurdering og debatt som kan bidra til god planlegging og betra kvalitet.

Denne kvalitetsmeldinga skal gje ei tilbakemelding om drift og status for barnehage, SFO og skule i Suldal. Samtidig vil meldinga presentera vurderingar innanfor ulike område og gi ei retning for vidare utviklingstiltak.

Barnehagane, skulane, SFO og alle andre tenester i laget rundt barnet jobbar for at;

"Alle barn og unge i Suldal skal kvar dag oppleva meistring i eit inkluderande og trygt oppvekstmiljø som fremjer livslang læring."

Innhold

1. Kompetanse og inkluderande trygge barnehage og skulemiljø
2. Tal og data for barnehagane
3. Tal og data for skule og SFO
4. Læringsmiljø
5. Karakterar og grunnskulepoeng
6. Læringsutbyte og læringsresultat
7. Utvikling og kvalitet i oppvekst
8. Vedlegg

1. Kompetanse og inkluderende og trygge barnehage- og skulemiljø



Foto: Fotograf Nordtveit



Foto: Fotograf Elisabeth Bjørkhaug

Sektormål for barnehage og skule

Regjeringa sine sektormål for barnehage og skule har høge ambisjonar om dei tilsette sin kompetanse

Sektormål for barnehage

- Alle har eit godt og inkluderande leike- og læringsmiljø.
- Barn som har behov for det, får hjelp tidleg, slik at alle får utvikla potensialet sitt.
- Tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse.
- Alle har god tilgang til relevante tilbud av høg kvalitet.

Sektormål for grunnopplæringa

- Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø.
- Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg, slik at alle får utvikla potensialet sitt.
- Tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse.
- Alle lukkast i opplæringa og utdanninga.

Trygt og inkluderande barnehage og skulemiljø

Slik jobbar barnehagane og skulane for å fremja eit trygt og inkluderande barnehage og skulemiljø:

- Alle skulane i Suldal har elevar som er trivselsleiarar i friminutta. Det er viktige tiltak i førebygginga av mobbing og utanforskap. Ein trivselsleiar har som jobb å organisera aktivitetar og leiker i friminutta, og inkludera medelevar i dette.
- Sand skule er ein MOT-skule. MOT er eit haldningsskapande program som har som mål å styrka den enkelte elev til å bli robuste og medvitne slik at dei kan ta gode val for seg sjølv. MOT inngår i arbeidet med ein trygg overgong til ungdomsskulen. Sand skule har også ein pilot på MOT-Super for barneskulen.
- Ein fagarbeidar frå barnehagen har vore med borna i overgangen til skulen på tre av skulane og vore med i 1. klasse fram til jul.
- PPT deltek i større grad i pedagogisk utviklingsarbeid i barnehagane og skulane for å rettleia med å tilpassa opplæringa og skapa gode vaksen-barn relasjonar for å styrka ein inkluderande praksis.
- Felles rutinar for å skapa trygge og inkluderande barnehage og skulemiljø.

Kompetanse, grunnutdanning og vidareutdanning

- 3 tilsette i barnehagane starta hausten 2023 på barnehagelærarutdanning og fullfører utdanninga våren 2027
- 7 lærarar i skulen tek vidareutdanning i faga Norsk (2 stk), spesialpedagogikk (2 stk), engelsk (2 stk) og naturfag(1 stk).
- I tillegg er det lærarar som tek grunnutdanning og vidareutdanning som ikkje kjem inn under støtteordninga til Utdanningsdirektoratet.

Kompetanseutvikling i barnehagar og skular

- Tilsette sin kompetanse har stor innverknad på kvaliteten i det pedagogiske arbeidet i barnehagen og skulen. Dette gjeld både erfaringsbasert og formell kompetanse.

Når tilsette lærer og utviklar seg saman mot felles mål og visjonar har dette stor innverknad på kvalitet i arbeidet.


Med kompetanse forstår me både kunnskap, ferdigheiter, haldningar og verdier.

- I tråd med strategien *Barnehager mot 2030. Strategi for barnehagekvalitet 2021-2030* og *Stortingsmelding 6 Tett på- tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO* skal barnehagar og skular jobba med kompetanseutvikling gjennom regionale samarbeid. Slik samarbeider me:
- Lærande nettverk for leiarar annankvar månad med fokus på å leia pedagogisk utviklingsarbeid i eininga
- Digitale lærande nettverk for pedagogiske leiarar og styrarar i barnehage to gonger i halvåret. Dette i partnerskap med HVL (Høgskulen på Vestlandet) Vindafjord og Sauda kommune
- Lærande nettverk for dei 3 fådelte skulane. Overordna tema er Motivasjon og lærelyst på fådelte skular.
- Ombordstiging for nye tilsette i oppvekst: 1 dag i oppstarten av nytt barnehage og skuleår, digitale kurs gjennom året i samarbeid med Sauda kommune.
- Årleg leiarsamling i samarbeid med Sauda og Vindafjord

Laget rundt barnet-betre samarbeid

Ein av dei viktigaste oppgåvene barnehagar og skular har er å tilpasse tilbodet til alle barn og elevar, der dei er. Mange behov skal ivaretakast, på ein god måte. Det er viktig å tilpassa tilbodet tidleg, slik at ikkje utfordringar veks seg store. Dersom barnehagane og skulane klarer å setta inn tiltak tidleg vil dette ha stor betydning for barnet, familien til barnet, personalet i barnehage/skule, generelt sett laget rundt barnet og samfunnet som heilskap.

Å setta inn tiltak så tidleg som mogleg har størst effekt, og er mest økonomisk lønsamt. Dei første leveåra til barnet er viktige for å utvikla kognitiv dugleik. Dersom me set inn tiltak tidleg nok, kan det betra barnet sin kognitiv og sosial dugleik, noko som er mykje meir effektivt enn å setta i verk tiltak når barnet blir større.



Laget rundt barnet-betre samarbeid

I Suldal jobbar alle barnehagar og skular etter BTI-modellen (Betre Tverrfagleg innsats) for å sikra:

- Tidleg innsats
- At "laget rundt barnet" (barnehage/skule og støttetjenester) samarbeider
- At samarbeidet skjer saman med barnet/ungdommen
- At samarbeidet skjer utan at det blir ventetid og oppfølgingsbrot

Me bryr oss konferansen – årleg blir det arrangert ein felles konferanse på kulturhuset der skule, barnehage, helse, PPT og barnevern samlast for fagleg påfyll av refleksjon rundt felles satsingsområde.

BTI-rettelearen:

For å få til dette følgjer barnehagane og skulane den same [oppskrifta](#) for tiltak på individnivå (tiltak som er retta direkte mot eit barn) som tydeleggjer kva steg ein skal ta, og kva verktøy ein skal bruka. Alle barnehagane og skulane har ein BTI-agent som har eit ekstra ansvar for å synleggjera denne oppskrifta i si eining. Eit verktøy i denne modellen er stafettlogg.



Einingsleiarane i barnehage og skule

Einingsleiarane har ei spennande og krevjande rolle.

I Suldal er leiarane våre ein del av kommunen sitt driftsapparat, og er organisert etter «resultateiningsmodellen».

I kommunetorget.no er modellen definert som:

«En resultatenhet er en avgrensa og relativt selvstendig kommunal virksomhet med stor operativ frihet og tilnærma totalansvar for egen drift og egne resultater innen hovedsakelig eksternt fastsatte økonomiske rammer»

Resultateiningsmodellen i Suldal betyr at kvar tenesteeining har delegert mynde innanfor økonomi, personalarbeid og tenesteproduksjon. Einingsleiar har stor grad av fridom til å løyse oppgåvene innan fastsette mål og rammer.

Dette gjennom kommunens administrative organisering som er innretta med to leiarnivå, som til saman utgjer kommunens leiing; kommunedirektør og kommunalsjefar (til saman strategisk leiargruppe) og einingsleiarane. Administrativt delegeringsreglement gir einingsleiarane utstrakt delegert mynde og eit stort handlingsrom for utvikling og drift av sine einingar

Målsettinga med å desentralisera mynde til einingsleiarnivå er at kommunen si drift og omstillingsevne skal vera optimal.

Auka ansvar og fridom kan frigjera energi og ressursar i den enkelte tilsette og i organisasjonen som heilskap. Dette vil igjen kunne skapa auka kostnadseffektivitet, auka tenestekvalitet og auka brukartilfredsheit.




Suldal
kommune

2. Tal og data for barnehagane i Suldal 2024

Tal per 01.01.25

Barnehage	Einingsleiar/styrar	Vår 2024	Haust 2024	Visjon/mål
Vinjar barnehage	Ingvild Vold Tveiten	47	40	Med leiken i fokus: Latter – Engasjement – Inkludering -Kvar dag
Vinjar barnehage avd. Nesflaten			4	
Sand barnehage	Linda Kolstø	75	71	Ein god stad å vera, leika og læra.
Stølane barnehage	Gerd Kolstø	45	41	Eg skal vera meg, men gi plass til andre slik at dei blir seg.
Jelsa oppvekstenter avd. barneha ge	Britt Elin Håranes	13	15	Me lærar, me trivst og me tek vare på kvarandre.
Kjølvikstølen barnehage	Katarzyna Mysiara	21	20	Skape gode barndomsminner gjennom trivsel, vennskap og leik. Være sammen barnehage.
Vanvik oppvekstsenter avd. barne hage		2	2	Saman i leik og læring saman lyftar me kvarandre.

Barn i barnehage fordelt etter alder




Tilsette i barnehagane si utdanning

*2023 tal

Me har kompetente og flinke tilsette, men me ser aukande utfordringar med å få tak i pedagogar. Kommunen har difor fleire under støtteordningar som tek utdanning.

Ansattes utdanning



2023, Suldal, Alle eierformer

Eining	Plassar per vaksen
Vinjar bhg av Nesfalten	3,33
Vinjar	5.51 *
Sand	5.97
Stølane	5.94
Jelsa	6
Kjølvikstølen	5,90
Kjølvikstøen avd Vanvik	1,12


Lov om barnehagar set krav om at barnehagane har ei grunnbemanning som tilsvarar minimum ein tilsett per tre barn under tre år og ein tilsett per 6 barn over tre år.

Alle barnehagane i Suldal oppfyller kravet til bemanning.

Det er aukande tal på barn per tilsett.

* Talet lågare då ein ikkje kan dela pedagog mellom Nes og Vinjar. Vinjar har ekstra for å halde norm.

Barn per ansatt



Pedagognorm

Det skal vera minimum ein pedagogisk leiar per 7 barn under tre år, og minst ein pedagogisk leiar per 14 barn over tre år.

Eit barn til utløyser krav om ei ny fulltidsstilling som pedagogisk leiar.

Tala frå Suldal viser at me oppfyller pedagognorma, men nokre av pedagogstillingane har dispensasjon frå utdanningskravet då det er vanskeleg på rekruttera pedagogar.


Eining	Plassar per pedagog
Vinjar bhg av Nesfalten	6
Vinjar	12,4
Sand	12,9
Stølane	12,36
Jelsa	12
Kjølvikstølen	12
Kjølvikstøen avd Vanvik	2

Tal plassar i barnehagen

Oversikta viser tal plassar i barnehagane i januar kvart år.

Tal barne plassar er det same for 2023 og 2024.

Samla sett har tal barne plassar i barnehagane halde seg stabilt dei siste åra.



Plassar per 01.01.25

Vanvik	Vinjar	Sand	Kjølvikstølen	Stølane	Nesfalten	Jelsa
2	62	103	37	62	6	24



Foto: Fotograf Elisabeth Bjørkhaug



Suldal
kommune



Foto: Fotograf Elisabeth Bjørkhaug

3. Tal og data for skule og SFO 2024

Skule	Einingsleiar/rektor	Skuelåret 23/24	Tal elevar 24/25	Visjon/mål
Nesflaten oppvekstenter a vd. skule	Anne Marie Gamlem Rabba	17	15	Me vil skapa ein stad for læring med tydelege vaksne, god struktur, gode relasjonar og trygge barn/elevar som blir rusta for livet.
Vinjar skule	Vibecke Håheim	97	97	Med leiken i fokus: Latter – Engasjement – Inkludering -Kvar dag
Sand skule	Jorunn Hoås	287	283	Me vil skapa ein stad for læring med tydelege vaksne, god struktur, gode relasjonar og trygge barn/elevar som blir rusta for livet.
Erfjord skule	Aina Vaage	67	72	Eg skal vera meg, men gi plass til andre slik at dei blir seg.
Jelsa oppvekstenter avd. s kule	Britt Elin Håranes	22	17	Me lærar, me trivst og me tek vare på kvarandre.
Marvik skule	Anne Kate Ellingsen	24	27	Skape gode barndomsminner gjennom trivsel, vennskap og lek. Være sammen barnehage.

Skuledata

Talet på elever i Suldalsskulen

År	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25
	511	519	502	504	514	511

Talet på årsverk for undervisningspersonale

År	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25
	59,5	63,4	65,1	60,4	60,27	58,3

Kompetanse for lærarar

I Suldalsskulen har fleire lærarar dei siste åra teke vidareutdanning. Det er fortsatt lærarar som manglar kompetanse for å undervisa i faga norsk, engelsk og matematikk. Det er ein skilnad på krav for tilsetjing og for å undervisa i fag.

Kompetansekrav for å undervisa

Fag	23/24	24/25
Norsk	75% (27 av 36 lærarar)	75 % (30/40 lærarar)
Matematikk	75% (27 av 36 lærarar)	70 % (26/37 lærarar)
Engelsk	62% (13 av 21 lærarar)	63 % (17/27 lærarar)

Fag	24/25
Norsk	25 % (3 av 12 lærarar)
Matematikk	36 % (5 av 14 lærarar)
Engelsk	44 % (4 av 9 lærarar)

Del av undervisningspersonalet som fyller kompetansekrav for å undervisa på ungdomstrinnet (krav som vert endelege frå 2025)

Del av undervisningspersonalet som fyller kompetansekrav for tilsetjing (nasjonalt 94 %)

År	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25
Tal	89,2 %	91,3 %	88,9 %	95,9 %	90,0 %	83,5 %	80,8 %	72 ,4 %	74,1 %

Norm for lærartettleik

Krava til lærartettleiksnormen i skulen er:

15 elevar pr lærar for 1.-4. trinn

20 elevar per lærar for 5.-10. trinn

Lærartettleik i ordinær undervisning

År	1.-4. trinn	5.-7. trinn	8.-10. trinn
2023-24	10,49 elevar per lærar	10 elevar per lærar	14,14 elevar per lærar
2024-25	10,36 elevar per lærar	10,30 elevar per lærar	13,99 elevar per lærar

Lærartettleik inkludert timar til spesialundervisning og særskilt språkopplæring

År	1.-4. trinn	5.-7. trinn	8.-10. trinn
2023-24	9,34 elevar per lærar	9,10 elevar per lærar	9,98 elevar per lærar
2024-25	9,14 elevar per lærar	9,39 elevar per lærar	11,7 elevar per lærar

Tal elevar med spesialundervisning etter enkeltvedtak

År	2019	2020	2021	2022	2023	2024
SUM	36	31	28	24	23	27
% elevar	7,0%	6,0%	5,6%	4,8%	4,5%	5,3%
Tal Gutar/jenter	22/14	22/9	22/6	17/7	19/4	21/6

Talet på elevar med enkeltvedtak om spesialundervisning har gått ned i Suldal dei seinare åra. Det er no ein auke i talet på vedtak.

SFO

- Talet på barn i SFO har auka dei siste skuleåra.
- Det er 12 timar gratis kjernetid i SFO for dei som går i 1., 2. og 3. klasse.

Skule	Tal barn 2020-21	Tal barn 2021-22	Tal barn 2022-23	Tal barn 2023-24	Tal barn 2024-25
Vinjar	27	23	24	29	35
Sand	30	25	32	41	49
Marvik	4	3	8	12	13
Erfjord	13	15	17	20	29
Jelsa	9	9	8	10	7
Nesflaten	1	0	3	7	5
Vanvik	0	2	3	3	2
SUM	84	77	95	122	140



Foto: Fotograf Nordtveit




Suldal
kommune



Foto: Fotograf Elisabeth Bjørkhaug

4. Læringsmiljø

Resultater elevundersøkelsen



2024-25, Suldal kommune (EIER), Alle eierformer

Elevundersøkinga er ei nettbasert spørjeundersøking som blir gjennomført kvart år. Her får elevane seie meininga si om læringsmiljøet og dei tilhøva som er viktige for å lære og trivast på skulen.

Skala: 1-5 der høg verdi er positivt resultat. Undersøkinga er obligatorisk for 7. og 10 trinn.

Resultater elevundersøkelsen

Indikator [↑] ≡	≡	Snitt
Trivsel		4,0
Støtte fra lærer		4,5
Vurdering for læring		3,8
Elevdemokrati og medvirkning		3,7
Faglig utfordring		3,6

Elevundersøkinga 7. trinn

Indikator og nøkkeltal	Suldal 2021-22	Suldal 2022-23	Suldal 2023-24	Nasjonalt 2023-24	Suldal 2024-25	Nasjonalt 2024-25
Læringskultur	3,7	3,8	3,6	3,7		
Elevdemokrati og medverknad	4,0	3,6	3,3	3,6	3,7	3,6
Fagleg utfordring	3,9	3,9	3,9	3,9	3,6	3,9
Trivsel	4,2	3,8	3,9	4,0	4,0	4,1
Meistring	4,1	3,8	3,8	3,9		
Støtte frå lærar	4,6	4,3	4,1	4,2	4,5	4,2
Motivasjon	3,8	3,3	3,3	3,4		
Vurdering for læring	3,9	3,7	3,2	3,6	3,8	3,6

Resultat elevundersøkinga, 7. trinn Suldal:

Sjuandeklassingane i Suldal vurderer indikatorane rundt snitt, med noko over og noko under på ulike faktorar

Små tal gjer at skulane med færrest elevar ikkje får opp resultat for sin skule. Dette er grunna personvern.

Andre undersøkingar og kartleggingar om skulemiljøet på den enkelte skule er derfor viktig å gjennomføra.

Elevundersøkinga mobbing 7. trinn

Elevundersøkinga viser at det er elevar i skulane i Suldal som opplever mobbing.

Undersøkinga viser at 10,4% av elevane på 7. trinn opplever mobbing på skulen 2-3 gonger i månaden eller oftare. Skulane analyserar sine tal og undersøkar nærmare dersom det er behov for det.

Skulane skal følgje med, avdekkje, gripa inn og setja inn tiltak når elevar opplever å ikkje ha det trygt og godt.

I tillegg til elevundersøkinga har skulane andre måtar å undersøka på i skulemiljøsaker som til dømes observasjon, elevsamtalar, utviklingssamtalar og kartleggingsverktøy som Spekter og Relasjonssirkel.

Elevundersøkelsen 7. trinn 2024-25

Mobbing på skolen
10,4% ^{14,6%}_{i fjor}

Svarprosent
94,1% ^{94,1%}_{i fjor}

Elevundersøkelsen 7. trinn 2024-25

Mobbing på skolen
12,3% ^{12,8%}_{i fjor}

Svarprosent
90,6% ^{90,1%}_{i fjor}

Nasjonalt snitt

Elevundersøkinga 10. trinn

Indikator og nøkkeltal	Suldal 2021-22	Suldal 2022-23	Suldal 2023-24	Nasjonalt 2023-24	Suldal 2024-25	Nasjonalt 2024-25
Læringskultur	2,9	3,6	3,6	3,7		
Elevdemokrati og medverknad	2,6	3,3	3,1	3,3	3,2	3,3
Fagleg utfordring	4,0	4,3	4,0	4,2	4,1	4,2
Trivsel	3,8	4,2	3,9	4,0	4,0	4,0
Meistring	3,5	3,9	3,7	3,8		
Støtte frå lærar	3,4	4,0	4,0	3,9	4,0	3,9
Motivasjon	3,0	3,2	3,1	3,2		
Vurdering for læring	2,6	3,2	3,1	3,2	2,9	3,2

Resultat
elevundersøkinga, 10.
trinn Suldal.
Tabellen viser utvikling
av resultat dei siste 4
åra.

Elevundersøkinga mobbing 10. trinn

Elevundersøkinga for 10. trinn i haust var særers positiv. Det var ingen elevar som har svara at dei har blitt mobba på skulen

Skulane skal følgje med, avdekkje, gripa inn og setja inn tiltak når elevar opplever å ikkje ha det trygt og godt.

I tillegg til elevundersøkinga har skulane andre måtar å undersøka på i skulemiljøsaker som til dømes observasjon, elevsamtalar, utviklingssamtalar og kartleggingsverktøy som Spekter og Relasjonssirkel.

Elevundersøkelsen 10. trinn 2024-25

Mobbing på skolen
0,0% ^{12,7%}_{i fjor}

Svarprosent
94,8% ^{96,5%}_{i fjor}



Suldal
kommune

5. Karakterar og grunnskulepoeng

Grunnskulepoeng er ein samla poengsum rekna ut frå alle standpunkt- og eksamenskarakterane på vitnemålet, og dannar grunnlag for opptak til vidaregåande skule.

Suldal har her opplevd ein auke dei to siste åra samanlikna med 2021-22

Grunnskulepoeng | Suldal kommune (EIER)


Egne tall

Geografisk sammenligning

Skoler i egen kommune

KOSTRA-gruppe

For skoleårene 2019-20, 2020-21 og 2021-22 er grunnskulepoengene kun basert på standpunktkarakterer, som følge av at alle eksamener for elever i grunnskolen ble avlyst.



Suldal kommune (EIER), Grunnskole, Grunnskulepoeng, Offentlig skole, Alle kjønn

Overgang til vidaregåande opplæring

Suldal har høg overgang til vidaregåande skule. Alle frå grunnskulen går vidare i vidaregåande opplæring. Dette er over snittet både regionalt og nasjonalt.

Overganger fra grunnskole til VGO | Suldal kommune (EIER)

 Egne tall Geografisk sammenligning KOSTRA-gruppe

År	Q	Suldal kommune (EIER)	Rogaland	Nasjonalt	KOSTRA-gruppe 17
2023		100,0	98,0	97,2	*
2022		100,0	98,6	97,7	99,5
2021		100,0	98,8	97,9	*
2020		100,0	98,5	98,2	*
2019		100,0	98,5	98,0	-



Suldal
kommune

6. Læringsutbyte og læringsresultat

Læringsutbyte

Alle elevar som går ut av grunnskulen, skal meistre grunnleggjande ferdigheiter. Desse er forutsetningar for læring og utvikling i skule, arbeid og samfunnsliv.

Dei fem grunnleggjande ferdigheitene for Kunnskapsløftet er lesing, skriving, rekning, digitale og munnlege.

Inkluderande praksis og spesialundervisning

- Tal elevar med vedtak om spesialundervisning har vore synkande i Suldal. Det har vore færre elevar med vedtak om spesialundervisning. I samarbeid med PPT jobbar skulane med å tilpassa opplæringa til den enkelte elev i den ordinære undervisninga. Kravet om intensiv opplæring for elevar i 1.-4. trinn i lesing, skriving og rekning skal gjere at elevar får intensive «kurs» for ein kort periode slik at dei får den støtta dei treng i opplæringa. Talet er på elevar med vedtak om spesialundervisning er i 2024 stigande.
- Alle elevar har rett på å få tilpassa opplæring etter deira evner og føresetnader. Innimellom er det utfordrande for lærarar å tilpassa til alle elevar då elevar kan ha samansette og komplekse utfordringar som gjer dei ekstra sårbare i skulekvardagen. Det er behov for rett kompetanse og ressursar for å støtta skulane i dette arbeidet.

Nasjonale prøvar

Nasjonale prøvar viser elevane sine ferdigheiter i lesing, engelsk og matematikk.

Dei er obligatoriske på 5., 8. og 9. trinn

Suldal sine resultat varierer naturleg frå år til år og lågt elevtal i vår kommune kan gje store utslag i resultat frå år til år.

Skulane analyserer sine resultat som del av sitt kvalitetsarbeid for å vidareutvikla god opplæring for elevane.

Over tid ser me at elevane i Suldal ikkje har eit godt læringsutbyte i engelsk på barnetrinnet. Her har ein heva seg for inneverande år for 1-4, medan mellomtrinnet scorar under snittet.

Ein ser at utviklinga frå 5.-7. er varierende, ein ser at enkelte elevgrupper ikkje utviklar seg i takt med nasjonal utvikling. Det er små data og skilnadar frå eining til eining.

Læringsresultat

Lesing:

- Resultata for Suldal har hatt ei positiv utvikling dei siste åra på 5. og 9. trinn. Fleire på øvste nivå og færre på meistringsnivå. I år har ein fått ein større gruppe på nivå 2 i 5. klasse.

Rekning:

- Også i rekning som grunnleggjande ferdigheit viser samla resultat at at ein større del av elevane i Suldal scorar på øvste nivå samanlikna med landet på 5. trinn. 8. trinn ligg noko under nasjonalt snitt. Suldal har jamt over gode resultat over tid.

Engelsk:

- Siste året er det færre elevar på meistringsnivå 1 i 5. trinn. Me ligg på landssnitt på 5. trinn. Det er god utvikling. Resultata for 8. trinn viser at me har større del elevar på meistringsnivå 1 og 2 og færre på meistringsnivå 4 og 5 samanlikna med landet



Suldal
kommune

7. Utvikling og kvalitet i oppvekst

Felles satsing for god kvalitet i oppvekst

- Strategi for inkluderande fellesskap i barnehage og skule
- Trygt og godt barnehage og skulemiljø
- Leiing av barnehage -og skulebasert kompetanseutvikling
- System for kvalitetsutvikling i oppvekst i samarbeid med Sauda og Vindafjord kommune
- Trygge og gode overgongar (barnehage-skule og barnetrinn-ungdomstrinn)
- Pedagogisk analyse, modell for analyse av pedagogiske utfordringar og resultat av forskjellige kartleggingar.
- [BTI – Betre tverrfagleg innsats](#)
- Utviklingsmøter, leiarsamlingar og lærande nettverk
- Vidareføra arbeid med TL, Trivselsprogrammet, nå i eigen kommunal regi
- LEAN: Skapa effektiv drift og god bruk av ressursar



System for kvalitetsutvikling

Som eigar skal me har eit system for korleis kvalitetsutviklingsarbeidet blir drive. Suldal kommune har saman med Sauda og Vindafjord kommune, laga eit system for utvikling av kvalitet i barnehage, skule, SFO og PPT.

Systemet inneheld fleire deler, og desse skal virka kvar for seg og saman i arbeidet med å styrka kvaliteten på tilboda. Det overordna målet for kvalitetsutviklingsarbeidet er «Robuste vaksne i eit system som fremjar robuste barn og unge.»

1. Overordna plan-og økonomiarbeid
2. Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis
3. Barnehage-og skulebasert kompetanseutvikling
4. Lærande nettverk/BTI
5. Oppfølging via dialogmøter og årleg statusmøter
6. Ekstern vurdering
7. Tilsyn
8. Kvalitetsmelding for barnehage og skule/dialog med eigar



Flyktningar

- Sand skule organiserer to velkomstklassar og alle elevane frå og med 4. trinn får tilbod om særskilt norskopplæring to dagar i veka. Det er frivillig å delta i velkomstklasse.
- i 2024 vart 15 personar busett som var i barnehage og grunnskulealder.
- Statsforvaltaren i Rogaland gjennomførte tilsyn for særskild språkopplæring våren 2024. Det blei gitt pålegg om rettingar. Desse blei lukka og godkjent 13.01.25.

Me bryr oss – ein BTI konferanse



- Kvart år arrangerer Suldal kommune Me bryr oss konferansen.
- Dette er ein tverrfagleg konferanse, med barn og unge og betre tverrfagleg innsats i fokus.
- Konferansen er på planleggingsdagen i november for barnehagane og skulane. Støttetenestene i laget rundt barn og unge vert invitert med. Det var god deltaking frå mange tenester dette året.

Overgong barnehage-skule

Suldal kommune har prioritert overgangspersonell frå barnehage til skule hausthalvåret 2024. Målet med satsinga er å medverka til ein overgong til skule/SFO som er prega av god samanheng med innhaldet i barnehagen for å gi 1. klassingane ein trygg og god start ved at ein fagarbeidar følgde over frå barnehage til skulestart.

Barnehagen og skule/SFO skal læra av kvarandre sin praksis. Fagarbeidaren sine erfaringar og relasjonar til borna skal nyttast som ressurs. Fagarbeidaren skal vera med på eit endrings- og utviklingsarbeid med tydelege mål, og som skal evaluerast undervegs.

Satsinga er evaluert og viser at denne måten å jobba på har god effekt. Evalueringa seier blant anna at den vaksne som er med frå barnehagen bidreg til tryggleik for elevane i overgongen, og at det er utbyte av lærdom og erfaringsutveksling mellom barnehage og skule.

Utfordringar framover

Me ser ein aukande trend til at fleire elevar strevar med å gå på skulen. Dette kan ha ein samanheng med pandemien som har vore. Årsakene i slike saker er ofte komplekse der elevane og familiane deira har omfattande behov for støtte og hjelp.

Rettleiar for nærvær og

fråvær i skule og barnehage er eit dokument som beskriv årsaker, førebygging, kartlegging, tiltak og verktøy for å fremja skulenærvær. I tillegg kan Barne-og familieteamet vere til god hjelp i slike saker.

Krysspunkt 2025 er her, framover det vil vera færre barn og unge i Suldal. Samtidig vil talet på eldre auka. Det vil få konsekvensar for einingane våre både med tanke på antal barn og tilsette.

Me treng fleire utdanna lærarar i barnehage og skule. I barnehagane er det gitt fleire dispensasjonar frå pedagognorma og utdanningskravet. I skulane er det mellombels tilsette i lærarstillingar som er utan godkjend utdanning.

Utfordringar framover

- Det å gje tidleg og rett hjelp til barn og familiar som treng støtte og hjelp krev god samhandling også mellom dei ulike tenestene i kommunen. Me må jobba for å bli endå tryggare på BTI-modellen med tilhøyrande verktøy.
- Elevundersøkinga og Ungdata viser at motivasjonen til elevar er synkende når dei kjem over i ungdomstrinnet. Læreplanen LK-20 krev meir variert, praktisk og relevant opplæring. Dette vil krevja planlegging og endringar i opplæringa.
- Mangel på vikarar i barnehage og skule gir utfordringar ved fråvær av tilsette.
- Gje eit likeverdig, fagleg og lovleg tilbod til alle elevar på alle skulane i Suldal. Sikra at alle elevar skal få same moglegheit til fagle utvikling, særleg på mellomtrinnet.
- God og sikker bruk av digitale tenester og verktøy i oppvekst. Den digitale utviklinga skjer raskt og det krevst høg digital kompetanse og kompetanse på personvern og informasjonstryggleik for å følgja denne utviklinga.

Barnehage- og skulebruksplan

[Heim](#) > [Tenester](#) > [Barn, unge og familie](#) > [Skule](#) > [Barnehage- og skulebruksplan](#) > Om prosjektet

Om prosjektet

Barnehage- og skulebruksplanen skal svara ut [kommunestyret si bestilling til kommunedirektøren i kommunestyre-sak 087/24](#), Prosjektmandat for Barnehage- og skulebruksplan. Lurer du på korleis prosjektet er organisert? Det får du informasjon om her.

+ Prosjektgruppe

+ Referansegruppe

+ Prosjektmandat

Vegen fram til dagens prosjektmandat



15. desember 2022 gjorde Suldal kommunestyre vedtak om at:

Suldal kommune skal ha ein bærekraftig barnehage- og skulestruktur. Kommunedirektøren legg fram ei sak med bakgrunn i krav til eit godt fagleg og sosialt barnehage- og skulemiljø. I arbeidet skal det leggjast vekt på ein god og open prosess med breid involvering"

15.12.2022 09:25



18. desember 2023 gjer kommunestyret eit vedtak som seier:

1. Vanvik oppvekstsenter avd skule vert avvikla frå 1. august 2024. Suldal kommune kjøper skuleplass i Sauda kommune.
2. Ungdomstrinnet (8.-10. trinn) på Nesflaten oppvekstsenter vert






Suldal
kommune

8. Vedlegg

Alle tal og framstillingar er henta frå
udir.no


- Biletet viser resultata for Nasjonale prøvar gjennomført på 5. trinn hausten 2024.
- Resultata for rekning viser ei positiv utvikling på nivå 2 og 3.
- Nasjonalt er gjennomsnitt skalapoeng på 5. trinn er 50 poeng.
- [Meistringsbeskriving og kva Nasjonale prøvar måler](#)

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Suldal kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, mestringsnivåer, Alle kjønn, Offentlig skole, Regning, 5. trinn


Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Suldal kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, skalapoeng, Alle kjønn, Offentlig skole, Regning, 5. trinn


- Biletet viser resultata for Nasjonale prøvar gjennomført på 5. trinn hausten 2024.
- Resultata for lesing viser at det er litt fleire elevar på nivå 1.
- Nasjonalt er gjennomsnitt skalapoeng på 5. trinn er 50 poeng.
- [Meistringsbeskriving og kva Nasjonale prøvar måler](#)

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Suldal kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, mestringsnivåer, Alle kjønn, Offentlig skole, Lesing, 5. trinn

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.




Suldal kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, skalapoeng, Alle kjønn, Offentlig skole, Lesing, 5. trinn

Nasjonale prøvar 5. trinn i engelsk


- Biletet viser resultata for Nasjonale prøvar gjennomført på 5. trinn hausten 2024.
- Resultata for engelsk viser at det er litt fleire elevar på nivå 3.
- Nasjonalt er gjennomsnitt skalapoeng på 5. trinn er 50 poeng.

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Suldal kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, mestringsnivåer, Alle kjønn, Offentlig skole, Engelsk, 5. trinn


Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.




Suldal kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, skalapoeng, Alle kjønn, Offentlig skole, Engelsk, 5. trinn

Nasjonale prøvar 8. trinn og 9. trinn i rekning

- Resultat av nasjonale prøvar for rekning på 8. trinn i Suldal viser at ein ligg under snittet i landet på 8. trinn (50 skalapoeng).
- Ein har dei siste åra hatt utvikling frå 8. til 9. trinn
- [Meistringsbeskriving og kva Nasjonale prøvar måler](#)



Suldal kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, skalapoeng, Alle kjønn, Offentlig skole, Regning, 8. trinn




Suldal kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, skalapoeng, Alle kjønn, Offentlig skole, Regning, 9. trinn


Nasjonale prøvar 8. trinn og 9. trinn i rekning

- I rekning ser me at me på 8. trinn har større del elevar på meistringsnivå 3 og 5 og færre på meistringsnivå 4 samanlikna med dei siste to åra
- For 9. trinn ser me at fleire har kome opp på nivå 5, men også at det er fleire på nivå 1

[Meistringsbeskriving og kva Nasjonale prøvar måler](#)




Suldal kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, meistringsnivåer, Alle kjønn, Offentlig skole, Regning, 8. trinn




Suldal kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, meistringsnivåer, Alle kjønn, Offentlig skole, Regning, 9. trinn

- Resultat av nasjonale prøvar for 8. trinn viser at ein ligg under snittet i landet som er 50 på 8. trinn.
- Tala for Suldal viser utvikling til 9. trinn, men at ein dei siste åra ligg lågare enn ønskja hausten i 8. trinn.
- [Meistringsbeskriving og kva Nasjonale prøvar måler](#)




Suldal kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, skalapoeng, Alle kjønn, Offentlig skole, Lesing, 8. trinn




Suldal kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, skalapoeng, Alle kjønn, Offentlig skole, Lesing, 9. trinn

- Resultat av nasjonale prøvar for 8. trinn viser at fleire er på meistringsnivå 1 og 2 samanlikna med di siste to skuleåra.
- Resultata viser ei positiv utvikling frå 8. til 9. trinn
- [Meistringsbeskriving og kva Nasjonale prøvar måler](#)




Suldal kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, meistringsnivåer, Alle kjønn, Offentlig skole, Lesing, 8. trinn




Suldal kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, meistringsnivåer, Alle kjønn, Offentlig skole, Lesing, 9. trinn

- I engelsk ser me at me har større del elevar på meistringsnivå 1 og 2 og færre på meistringsnivå 4 og 5 samanlikna med dei siste åra
- Resultata for rekning viser ein ikkje klarer å halda utviklinga frå 5. trinn
- [Meistringsbeskriving og kva Nasjonale prøvar måler](#)




Suldal kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, skalapoeng, Alle kjønn, Offentlig skole, Engelsk, 8. trinn




Suldal kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, mestringsnivåer, Alle kjønn, Offentlig skole, Engelsk, 8. trinn

Suldal kommune (EIER) | Engelsk standpunkt | Egne tall




Suldal kommune (EIER) | Engelsk skriftlig eksamen | Egne tall




Suldal kommune (EIER) | Engelsk standpunkt | Sammenlignet med egen KOSTRA-gruppe

Skuleår	Enhet	Standpunktkarakterer
2023-24	Suldal kommune (EIER)	4,2
2023-24	Aukra	4,4
2023-24	Aurland	4,2
2023-24	Bykle	5,3
2023-24	Eidfjord	5,2
2023-24	Modalen	5,1
2023-24	Sirdal	4,5
2023-24	Tydal	4,0




Suldal kommune (EIER), Grunnskole, Norsk hovedmål skriftlig eksamen, Offentlig skole, Alle kjønn




Suldal kommune (EIER), Grunnskole, Engelsk skriftlig eksamen, Offentlig skole, Alle kjønn

■ Suldal kommune (EIER) ■ Rogaland ■ Nasjonalt ■ KOSTRA-gruppe 17



For skoleårene 2019-20, 2020-21 og 2021-22 er grunnskulepoengene kun basert på standpunktkarakterer, som følge av at alle eksamener for elever i grunnskolen ble avlyst.



Suldal kommune (EIER), Grunnskole, Grunnskulepoeng, Offentlig skole, Alle kjønn

Grunnskulepoeng er samla poengsum som blir rekna ut frå alle standpunkt- og eksamenskarakterane på vitnemålet frå grunnskulen. Denne poengsummen dannar grunnlaget for opptak til vidaregåande skul

